

Sogn Regionråd

# Regionalt reiseliv i Sogn

Rapport forprosjekt

Line Bjelde  
24.10.2022

# Korleis skal Sognefjorden arbeide for å stå fram som eit av dei fremste reisemåla i verda og det beste av norsk fjordlandskap?

## Innholdsfortegnelse

Korleis skal Sognefjorden arbeide for å stå fram som eit av dei fremste reisemåla i verda og det beste av norsk fjordlandskap? .....	1
Bakgrunn og innleiing .....	4
Slik er rapporten bygd opp .....	4
Status for reiselivet i Sogn .....	5
Kva er no-situasjonen?.....	5
Internasjonale trendar og nasjonale strategiar .....	5
Utfordringar, <b>ambisjonar</b> , styrker, svakheiter, <b>moglegheiter</b> og truslar .....	8
Dagens roller og samarbeid i kommunane .....	10
Kva seier kommunane og næringa?.....	10
Dette seier kommunane .....	11
Kategori 1: Reiselivet si betydning og prioritering i kommunen .....	11
Kategori 2: Arbeid med og kjennskap til Masterplanen for reiseliv i Sogn.....	12
Kategori 3: Viktigheita av å samarbeide .....	12
Pågåande arbeid og forslag til prioritering, frå kommunane .....	13
Innspel frå styringsgruppa og kommunane .....	14
Sogndal kommune, Joakim Systaddal, Kommunalsjef Næring, samfunn og kultur: .....	14
Aurland kommune, Linn-Janette Underdal, Næringsrådgjevar i Aurland kommune .....	14
Luster kommune, Olav Grov, Næringssjef .....	14
Årdal kommune, Torunn Todal Laberg, Dagleg leiar i Visit Årdal .....	15
Vik kommune, Karoline Myklebust, forretningsutviklar Sogn Næring .....	16
Lærdal kommune, Ingeborg Lysne, Næringsrådgjevar .....	16
Høyanger kommune .....	16
Visit Sognefjord, Heidi Hauge, Reiselivsdirektør i Visit Sognefjord .....	16
Prioriterte satsingsområde .....	17
Kartlegging gjennom spørjeundersøking – Næringa .....	17
4 scenario – slik kan vi organisere oss .....	18
Kvífor scenario?.....	18
Mindre samarbeid, færre ressursar .....	20
Status quo .....	20
Fragmentert reiselivsutvikling i Sogn .....	21

Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn.....	21
Eksemplar frå andre destinasjonar: .....	22
Nordfjord: .....	22
<i>Bodø og Salten:</i> .....	22
Süd Tirol: .....	23
Forslag til konklusjon .....	23

På oppdrag frå Sogn regionråd er det gjennomført eit forprosjekt for regionalt reiseliv i Sogn. Prosjektet har som målsetnad å «*Avklare korleis næringsnettverket kan jobba vidare med reiseliv som eit fellesprosjekt. Prosjektet skal avklare korleis rådet bør innrette eit hovudprosjekt. Arbeidsformer og rollefordeling må gjerast tydelege».*

Forprosjektet skal svare ut desse delmåla:

#### *Delmål 1 – kartlegging av behov*

Forprosjektet skal kartlegge no-situasjonen, kva arbeid som skjer i kommunane i dag, kva som skjer regionalt, våre svake og sterke sider og kva som bør vera roller og ansvarslinjer for regionalt og kommunalt nivå.

#### *Delmål 2 – Analyse/forslag til tiltak/aktivitetar*

Forprosjektet skal saman med styringsgruppa og næringsnettverket vurdere behov og innspela frå kartleggingsfasen, og foreslå tiltak/aktivitetar som er relevante for å møte desse behova. Basert på dette skal ein legge fram forslag til tiltaksplan som del av eit hovudprosjekt.

#### *Delmål 3 – Organisering*

Forprosjektet skal basert på forslag til tiltak/aktivitetar i hovudprosjekt foreslå organisering av hovudprosjekt for gjennomføring av dei ulike tiltak/aktivitetane. Kva rolle og ansvar skal dei ulike ha, dette inkluderer regionrådet, næringsnettverket, og kommunane.

#### *Delmål 4 – finansiering, økonomi*

Forprosjektet skal basert på forslag til tiltak/aktivitetar klargjere mogleg arbeidsomfang og økonomibehovet og for å kunne gjennomføre hovudprosjektet som må drøftast og avklarast med kommunane.

#### *Delmål 5 – hovudprosjekt*

Forprosjektet skal i sluttrapporten svare på delmåla og gi ei tilråding på om ein bør gå vidare inn i eit hovudprosjekt. Dersom ein tilrår å gå vidare i hovudprosjekt skal det leggast fram forslag til prosjektplan for hovudprosjektet.

Delmål 1 vert svara ut i del 1 av rapporten, kalla «Status for reiselivet i Sognefjorden» og del 2, kva seier kommunane og næringa.

Delmål 2 kjem fram av prosjektplan for hovudprosjekt.

Delmål 3 vert svara ut i 4 scenario – slik kan vi organisere oss.

Delmål 4 og 5 vert svara av forslag til organisering i hovudprosjekt. Merk at slik hovudprosjektet er skissert no, tek det høgde for at kommunane vel å gå for ei løysinga skissert i scenarioet som er kalla «Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn». Dersom kommunane ikkje vel å gå for den løysinga vil hovudprosjektet justerast ned jamfør det scenarioet kommunane vel å gå for.

## Bakgrunn og innleiing

Bakgrunnen for arbeidet med forprosjektet er forstudiet til Masterplanen og Masterplanen for reiselivet i Sogn.

Masterplan for reisemålet Sogn er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag av Sogn regionråd frå 2017 - 2021 med finansiering frå Innovasjon Norge, Sogn Regionråd og Visit Sognefjord. Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samtidig. Sogn region-råd sitt forprosjektet «regionalt reiseliv» sitt mål er knytt mot måla i regionalplanen for 2021-2024 og masterplanen for reisemålet Sognefjorden 2021-2030. Prosjektet har som målsetnad å:

*«Avklare korleis næringsnettverket kan jobba vidare med reiseliv som eit felles-prosjekt. Prosjektet skal avklare korleis rådet bør innrette eit hovudprosjekt. Arbeidsformer og rollefordeling må gjerast tydelege».*

Masterplanen for Sogn er forankra frå vedtak i desember 2021 og vert følt opp av styringsgruppa for planen, der fase 3 «frå ord til handling» med oppstart i 2022 skal utvikle konkrete handlingsprogram og tiltaksplanar som tek masterplanen og kriteria for berekraftig reisemål for Sogn frå ord til handling. Her vil ein bryte opp delstrategiane i planen, og prioritere kva som skal jobbast med først, av kven og på kva måte.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i hovudaktivitetane og tiltakspunkta som ligg under kvar delstrategi. Fleire av tiltaksområda er kopla til kriteria for berekraftig reisemål. Programmet vil bli lagt fram for dei aktørane som har ansvar for gjennomføring for godkjenning. Programmet vil då fungere som ei bestilling for handlingsplanar for kvart enkelt tema som skal jobbast med. Eit slikt regionalt handlingsprogram med fleire deltakarar er ein ny måte å jobbe på. Det vil krevje eit solid og gjennomarbeidd avklaringsarbeid, der roller og ansvar vert tydeleg fordelt, og godt forankra. Dette er ein føresetnad for at reisemålet Sogn skal lukkast med utviklingsarbeidet.

## Slik er rapporten bygd opp

Denne rapporten er bygd opp av to delar. Første del beskriv dei nasjonale og internasjonale trendar som vil påverke arbeidet med reiselivet i Sognefjorden og kva som er status for reisleivsarbeidet i Sogn i dag. Den siste delen vil svare på korleis Sogne-kommunane kan velje å organisere og operasjonalisere arbeidet knytt til handlingsplanen. Dette vert illustrert gjennom 4 scenario. Scenarioa er laga for å synleggjere konsekvensane av korleis val som blir tekne i forhold til arbeidet med handlingsplanen.

Som ein del av arbeidet med forprosjektet vart det gjennomført ei undersøking i alle dei sju kommunane og i reiselivsnæringa. Undersøkinga hadde som målsetnad å kartlegge korleis kommunane i dag arbeida med reiselivsutvikling, kva for forankring masterplanen har i dei sju kommunane og korleis kommunane vurdera det vidare samarbeidet i regionen. Svara i undersøkinga vil danne grunnlaget for korleis arbeidet med handlingsplanen bør organiserast.

Undersøkinga frå bransjen hadde som målsetnad å kartlegge kva for område næringa sjølv ser på som mest viktig å ta tak i og korleis Sogn som reisemål burde arbeide for å best vere i stand til å operasjonalisere tiltaka i handlingsplanen.

Avslutningsvis vert det presentert 2 løysingsforslag. Desse blir presentert og drøfta med styringsgruppa 19. oktober. Innspela frå styringsgruppa vert lagt til grunn for den endelige rapporten som skal leggjast fram til rådsgruppa 28. oktober. Ei avgjersle om kva for løysing Sogn regionråd vert samde om skal takast 9. desember.

## Status for reiselivet i Sogn

### Kva er no-situasjonen?

Masterplanen er utarbeida for å sette strategisk retning for området Visit Sognefjord opererer i, det geografiske området inkluderer 7 kommunar; Luster, Sogndal, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal og Høyanger. Etter utarbeiding av Masterplanen har Høyanger trekt seg ut av Sogn Regionråd, men då dei framleis er ein del av Visit Sognefjord er dei tekne med i forprosjektet.

Med masterplan som eit felles grunnlag for Sognefjorden som destinasjon vert det lagt opp til at kvar kommune arbeida med destinasjonsutvikling på same måte og med same målsetnadar. Dette byr på nokre utfordingar i forhold til finansiering av arbeidet, kva for område i masterplanen som vert oppfatta som mest presserande og korleis ein skal organisere arbeidet for å nå dei ynskja resultata, samt ei strategisk plan for kva område det er burde samarbeidast om og kva område det er naturleg at kommunane arbeida sjølvstendig med.

I denne delen av rapporten vil dei nasjonale og internasjonale trendar som påverkar Sogn som destinasjon bli presentert. Deretter vil det følgje ei kartlegging og status av kvar enkelt kommune og Sogn, samla. Kartlegginga og presentasjon av status er basert på spørjeundersøkinga i kvar kommune, spørjeundersøking i næringa, samt ei SWOT-analyse av kvar kommune og Sogn samla, som styringsgruppa har fått høve til å kome med innspel til.

### Internasjonale trendar og nasjonale strategiar

For å ta gode val for reiselivet i Sogn, er det naudsynt å ha eit blikk utover eigne grenser og vere kjend med kva for trendar som påverkar og kjem til å påverke reiselivet i Sogn. Under føl ein kortfatta presentasjon av desse trendane. Trendane er henta frå Travel & Tourism Development Index 2021 (TTDI), nasjonal reiselivsstrategi 2030 og temaplan for reiseliv for Vestland fylkeskommune.

Dei internasjonale trendane som vert presentert i World economic forum sin Travel & Tourism Development Indendex 2021, peikar på nokre nøkkelfunn for reiselivsbransjen som kan vere verdt å merke seg.

- Behovet for utvikling av reiselivsbransjen har aldri vore større. Det er avgjerande at interessentar i reiselivsbransjen utviklar gode strategiar som gjer bransjen meir inkluderande, berekraftig og fleksibel.
- Reiselivsbransjen står i ein vanskeleg driftssituasjon, men skiftande krav har skapt moglegheitar og eit behov for tilpassing. Her vert det peika på endra kundegrupper, frå internasjonale til nasjonale og mellom anna ei auka interesse for naturbasert turisme og vekst nye grupper; som digitale nomadar, workation og bleisure-segmentet, (business kombinert med fritid).
- Reiselivsbransjens utviklingsstrategiar kan hjelpe sektoren til å bygge seg opp igjen sterkare. Her vert det peika på at det må i større grad fokuserast på berekraftig turisme og styrking av besøksforvaltninga, gjennom for eksempel auka bruk av digital teknologi.

(Travel & Tourism Development Index 2021, Rebuilding for a sustainable and resilient future, s. 4)



TTDI har utvikla eit rammeverk som kan nyttast for å gjere strategiske vurderingar av eigne land og destinasjonar, dette rammeverket kan nyttast i det vidare arbeidet av handlingsplanen til masterplanen, sjå vedlegg 1 for rammeverket.

**Nasjonal reiselivsstrategi** er og ein viktig premissleverandør for det vidare arbeidet med reiselivsutvikling i Sogn. Strategien i sin heilheit vert ikkje drøfta i denne rapporten, den kan lesast [her](#). Men det er viktig å merke seg dei fem områda som vert løfta fram som særleg viktige i tida fram mot 2030.

I utviklinga av nasjonal reiselivsstrategi er det brukt mykje tid på å hente inn informasjon fra aktørane i reiselivsnæringa, strategien er soleis godt forankra i næringa, og vert difor eit viktig dokument for det vidare arbeidet med handlingsplan for masterplan i Sogn. Innovasjon Norge seier sjølv at dette er «*Næringa sin strategi*».

Den nasjonale reiselivsstrategien har identifisert fem områder som vil ha stor betydning for utviklinga mot 2030.

- Smart digitalisering (Reiselivets digitale økosystem, inkludert plattform for opne data som grunnlag for radikal innovasjon)
- Grøn omstilling (reiselivets grønne transportplan – med lågutslepp som premiss for 2030)
- Tenester og teknologi (korleis kan teknologi løyse produktivitetsutfordringar i reiselivet)
- Auka foredlingsgrad (konkurransekraft gjennom høg kvalitet og høg kundeverdi)
- Verdifulle arbeidsplassar (reiselivet må kunne konkurrere om den beste arbeidskrafta)

I **Masterplanen** for reiselivet i Sogn kjenner ein att fleire av områda og ein ser tydelege koplingar mellom Masterplan, nasjonale og internasjonale trendar og korleis handlingsplanen legg opp til å løyse utfordringa knytt til å kome i mål med planen.

**Temaplan reiseliv i Vestland 2023-2025** tek føre seg arbeidsoppgåvene knytt til det overornda målet «Vestland Fyølke skal gjennom berekraftig reiselivsutvikling vere eit attraktivt val for kvalitetsbevisste gjestar som er gode bidragsytalar til lokal verdiskaping i Vestland», med desse delmåla:

**Synlegheit:** Marknadsføring mot målgrupper som bidreg til best mogleg lokal verdiskaping og lågast mogleg belastning på reisemålet.

**Forretningsmodell og struktur:** Dette målet vert nærmare omtalt under.

**Omstilling og utvikling.** Omstilling til styrka økonomisk berekraft.

**Heilårsaktivitet.** Fleire bedrifter og reisemål som er tilgjengeleg heile året.

**Attraktive, lokale arbeidsplassar.** Auke rekrutteringa til reiselivet i Vestland.

**Besøksforvaltning.** Utvikle ein modell for overordna berekraftig besøksforvaltning gjennom eit samarbeid med Fylkeskommune, kommune og reisemålsorganisasjonar.

Temaplanen har satt seg som eitt av sine delmål å arbeide med «**Ein tydeleg struktur med klart mandat og tilhøyrande finansiering for destinasjonsleiing på reisemålet og tydeleg rollefordeling**

**mellan lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i reiselivsnæringa».** Dette delmålet vil kunne å legge føringar for korleis ein kan organisere destinasjonsleiinga i Sogn. Det vidare arbeidet med organiseringa i Sogn bør soleis vere merksame på kva for verkemiddel Fylkeskommunen utviklar her.

Under høyringsmøte for temaplan reiseliv presenterte Fylkeskommunen bakteppe for planen, då var dette målet presentert med kommentaren «**Strukturen i norsk reiseliv er i dag prega av fragmentering**». Ein del av det fragmenterte biletet er reiselivets distanse til andre kommunale planprosessar og apparat. I Masterplanen er ein av verdiane **Heilt ekte. (...) Bygge opp under ei balansert samfunnsutvikling, som forvaltar ressursane på ein klok måte og som får fram det særegne i kvar einskild bygd og bedrift.**

Planlegginga av lokalsamfunna våre og korleis naturforvaltninga vert utøvd gir tydelege rammer for korleis reiselivet kan utvikle seg. Press på attraktive areal, diskusjonar kring arealbruk til nye hytteområder og aktivitetsanlegg på fjellet eller fjorden, kan fort vert tilspissa.

Eit verktøy som historisk sett har blitt lite brukt i reiselivsutviklinga er plan og bygningslova. Få planprosessar har så langt lagt til rette for eller planlagt for dei besøkande. Dette har resultert i utfordringar i handtering av mengda besøkande, gode eksempel på dette ser vi i Fjærland, Undredal og Solvorn. Dette er ei av problemstillingane som vert arbeida med gjennom Gnist-prosjektet, som tre av Sognekommunane er ein del av, og som er eit godt eksempel på å sjå reiselivsutviklinga i samanheng meg lokal stads-, nærings og samfunnsutvikling, og at slike utfordringar kan løysast gjennom samarbeid mellom kommunane. (Les meir om Gnis-prosjektet [her](#).)

For å utnytte potensialet som ligg i reiselivet er det avgjerande at arbeidet med reiselivsutvikling vert sett i samanheng med offentleg planlegging og strategiske satsingar for stads-, næring- og lokalsamfunnsutvikling. I undersøkinga i kommunane, som vert presentert seinare i kapittelet kjem det fram korleis dei ulike kommunane arbeida med reiselivsutvikling i samanheng med andre kommunale prosessar. For å få til ei heilskapleg reisemålsutvikling kan eit verktøy vere å setje saman ei destinasjonsleiing i kvar kommune. Ved oppretting av destinasjonsleiing i kommunane, bør leiinga innehalde representantar frå plan, samfunn, kultur og næring, for å sikre at reiselivsutviklinga vert sett i samanheng med dei øvrige planprosessane i kommunen.



#### Reisemålsutvikling er omtale slik i Innovasjon Norge si handbok for reisemålsutvikling:

«*Reisemålsutvikling er et systematisk arbeid for helhetlig utvikling av et sted/reisemål /destinasjon, basert på turistenes ønsker og behov, de fastboende sine ønsker og behov, bærekraftige helhetsperspektiv for utvikling, samt reisemålet forutsetninger og muligheter. Det å få på plass en helhetlig og langsiktig strategisk plan, samt å ha evnen til å gjennomføre den, er en viktig forutsetning for utvikling av attraktive, lønnsomme og bærekraftige reisemål og for reisemålets suksess på lang sikt. En god reisemålsutviklingsprosess forutsetter altså at alle sentrale aktører på et reisemål ønsker en helhetlig utvikling og ser mulighetene.*»

#### Destinasjonsleiing:

*Den/de aktøren(e) som leder og koordinerer utviklingen på destinasjonen, for eksempel destinasjonsselskap, reiselivslag, reiselivsrettet næringsselskap eller sentrale personer fra næring og kommune. Begrepet destinasjonsledelsen brukes om funksjonen og samarbeidet mellom flere aktører, som kommune og destinasjons-selskap. Uavhengig av organiseringen er et godt samarbeid mellom kommunen og reiselivsnæringen en forutsetning for å lykkes med en bærekraftig reisemålsutvikling*

Utfordringar, **ambisjonar**, styrker, svakheiter, **mogleheter** og truslar

I masterplanen for reiselivet i Sogn står det slik i visjonen:

**Heile Sogn.** Syte for at alle delar av Sogn vert utvikla på stadane sine eigne premiss, og syne fram breidda av aktivitetar, tilbod og ulike stadar. Dyrke ulikskapen innanfor det me har felles, og eige region på korleis utviklinga skal vere.

I forstudie til Masterplanen vart det henta inn innspel frå kommunane og næringa om kva for utfordringar og mogleheter ein ser i Sogn. Nokre felles regionale utfordringar som vart avdekkja i forstudie er:

1. Svakt aktivitetsbasert reiseliv i Sogn
2. For stor del sesongbasert overnatting
3. For lite samanheng mellom marknadsarbeid, utviklingsarbeid, forvaltningsarbeid og samfunnsutviklingsarbeid (med offentlege midlar)
4. Sogn har behov for å styrke merkevara i Noreg (bu, arbeid, besøk)

Det vart og peika på nokre felles **ambisjonar** i regionen desse er:

1. Satse på reiseliv som ein viktig del av arbeidet med å oppretthalde busetnad, arbeidsplassar og servicetilbod i heile kommunen (og regionen)
2. Gjere Sogn til ein føregangsregion og eit levande laboratorium på destinasjon 3.0 – reiseliv som samfunnsutviklar
3. Bli den fremste regionen i landet på besøksforvaltning gjennom digitale «SMART-bygdløysingar»

SWOT-analysene er gjort basert på kartlegginga i forstudie for masterplanen og ved ei kartlegging av reiselivet i kvar kommune. Kartlegginga legg vekt på overnattingstilbod, mat, aktivitetar, infrastruktur og stads-botne kvalitetar. Dei 7 SWOT-analysane er satt saman til ein samla SWOT for heile Sogn. SWOT-analyse for kvar kommune ligg i vedlegg 2.

Under føl SWOT for Sogn som destinasjon.

<b>Styrker</b>	Felles destinasjonsselskap	Svakheiter
• Natur		Besøksforvaltning
• Kultur		Mange små aktørar
• Tilgang på lokal mat og drikke		Sesongbasert
• Friluftsliv		Låg investeringevne
• Nokre store etablerte aktørar		Låg verdiskaping i kvar besøkande (kr per gjest)
• Sentralt plassert i Vestland		Liten lokalmarknad
• Merkevara Sognefjorden		
• Felles masterplan		
<b>Heile Sogn, heilt ekte, heile året.</b>		
<b>Moglegheiter</b>		<b>Truslar</b>
Sesongforlenging, mot heilårsturisme		Infrastruktur, særleg innan transport og
Samhandling om utviklinga av fellesgode		sårbarheita knytt til stengde vegar,
Miljø, merke for berekraftig reisemål		fjellovergangar og vegarbeid
Datadreven forvaltning		Pandemi
Bruk av teknologi og data, i mellom anna profilering		Straumkostnadar
Sogn som berekraftig høgkvalitetsturisme		Reiserstriksjonar
		Auka råvarekostnader



Det vert og peika på moglegheita for å gjere ei SWOT-analyse for kvart tema i Masterplanen, dette er ein mogleg aktivitet i eit eventuelt hovudprosjekt. Ei slik analyse vil kunne synleggjere kva for tema som bør fokuserast på og kva for område vi er komne lengre med, samt kva for mogleheitar som ligg i kvart av tema.

Gjennom arbeidet som er gjort i forstudiet og SWOT-analysa er følgjande ambisjonar og moglegheitar løfta fram som særleg aktuelle:

1. Satse på reiseliv som ein viktig del av arbeidet med å oppretthalde busetnad, arbeidsplassar og servicetilbod i heile kommunen (og regionen)
2. Gjere Sogn til ein føregangsregion og eit levande laboratorium på destinasjon 3.0 – reiseliv som samfunnsutviklar
3. Bli den fremste regionen i landet på besøksforvaltning gjennom digitale «SMART-bygdløysingar»

## Dagens roller og samarbeid i kommunane

I dag er arbeidet med reiselivsutviklinga organisert på ulik måte i kvar kommune, felles for kommunane er destinasjonsselskapet Visit Sognefjord, som mellom anna driv marknads-salsarbeidet på vegne av alle Sogne-kommunane.

Under føl ei oversikt over korleis det vert arbeida med reiselivet i dei ulike kommunane.

KOMMUNE	DESTINASJONSSELSKAP	NÆRINGSSELSKAP	KOMMUNALT TILSETTE
AURLAND	Visit Sognefjord	Sognefjord Næringshage	Næringsrådgjevar, samarbeid med plan, landbruk og kultur.
LÆRDAL	Visit Sognefjord	Sognefjord Næringshage	Næringsrådgjevar, samarbeid med plan, landbruk og kultur.
ÅRDAL	Visit Sognefjord Visit Årdal	Sognefjord Næringshage Årdal Utvikling	Årdal utvikling samarbeida med plan, landbruk og kultur.
SOGNDAL	Visit Sognefjord	Sogn Næring Sognefjord Næringshage	SN samarbeida med plan, landbruk, samfunn og digitalisering.
LUSTER	Visit Sognefjord	Sognefjord Næringshage	Næringssjef samarbeida med plan, landbruk og kultur
VIK	Visit Sognefjord	Sogn Næring Sognefjord Næringshage	SN samarbeida med plan og landbruk i Vik kommune og Sylvringen.
HØYANGER	Visit Sognefjord	Høyanger Næringsutvikling	HNU samarbeida med plan og samfunn?

## Kva seier kommunane og næringa?

Som ein del av arbeidet med forprosjektet vart det gjennomført ei undersøking i alle dei sju kommunane og i reiselivsnæringa. Undersøkinga hadde som målsetnad å kartlegge korleis kommunane i dag arbeida med reiselivsutvikling, kva for forankring masterplanen har i dei sju kommunane og korleis kommunane vurdera det vidare samarbeidet i regionen, som vil danne grunnlaget for det korleis arbeidet med handlingsplanen bør organiserast. Undersøkinga frå bransjen hadde som målsetnad å kartlegge kva for område næringa sjølv ser på som mest viktig å ta tak i og korleis Sogn burde arbeide for å best vere i stand til å operasjonalisere tiltaka i handlingsplanen.

Undersøkinga vart sendt til kommuneadministrasjonen i kvar kommune med ei oppfordring om å dele med alle som burde ha kjennskap til Masterplanen. Desse svara på undersøkinga frå kommunane:


Eg er tilsett i?	Mi rolle i kommunen er
Luster Kommune	Ordførar
Sogndal kommune	Ordførar
Lærdal kommune	landbrukssjef
Aurland kommune	Næringsrådgjevar
Lærdal kommune	Planleggjar, leiar Plan og Forvaltning
Aurland kommune	rådmann
Lærdal kommune	Næringsrådgjevar
Høyanger Næringsutvikling as	Næringssjef
var tilsett i Vik kommune (pensjonist)	kommunestyrrerrepresentant /leiar i eldrerådet

<b>Vik kommune</b>	Rådgjevar på avdeling for plan og forvaltning
<b>Sogn Naturforvalting AS</b>	Politikar
<b>Årdal kommune</b>	Øverste adm.-leder. Kommunedirektør

### Dette seier kommunane

Undersøkinga er gjort for å kartlegge kvar enkelt kommune si prioritering av reiselivet, samanlikna med andre næringar og område, undersøke kva for forståing kommunane har for masterplanen og kva meining kvar enkelt kommune har om betydninga av samarbeid. Spørsmåla i undersøkinga er difor samla i 3 kategoriar, desse er: Reiselivets si betydning og prioritert i kommunen, arbeid med og kjennskap til masterplanen og viktigheita av å samarbeide. Ei forenkla grafisk framstilling av svara i desse kategoriene føl under. Alle svara ligg i vedlegg 3.

Kategori 1: Reiselivet si betydning og prioritert i kommunen



Av den første illustrasjonen kan vi sjå at det skilnad mellom kommunane, om kva for betydning reiselivsnæringa har i kommunen. Lågast score fekk Vik kommune, kor begge respondentar svara at reiselivet ikkje vert sett på i samanheng med andre planar, samanlikna med andre næringar er det ikkje ei særleg viktig næring og det er ikkje satt av ressursar til å jobbe med reiselivet. Den kommunen som scora høgst i denne kategorien var Sogndal kommune, som svara at reiselivet er ein særleg viktig næring, som vert sett på i samanheng med andre planverk og det vert øyremerka ressursar til å arbeide med reiselivsutviklinga. Dei andre kommunane i regionen svara nokså likt og seie seg litt einig i at reiselivet vert sett i samanheng med andre planar, dei er litt einig i at det er ei særleg viktig næring og dei er litt samde om at det er satt av ressursar til å arbeidet med reiselivsbransjen. Midt på, med svara verken eller, finn vi Årdal kommune.

## Kategori 2: Arbeid med og kjennskap til Masterplanen for reiseliv i Sogn



Den andre illustrasjonen syner svara innan kategori 2, arbeid med og kjennskap til masterplanen. Her er det mindre variasjon mellom kommunane. Dei fleste svara at dei har kjennskap til masterplanen, at den er nokså godt forankra i kommunen og at det er ei grei forståing om korleis det er forventa at kommunane skal arbeide med masterplanen.

### Kategori 3: Viktigheita av å samarbeide



Den siste kategorien gjeld betydninga av og ynskje om tettare samarbeid om reiselivsutviklinga. Som illustrasjonen over syner, er kommunane samde om at det er ynskjeleg å samarbeide om reiselivsutviklinga i Sogn.

Pågåande arbeid og forslag til prioritering, frå kommunane

I undersøkinga vart det spurt om korleis kommunen allereie arbeida med satsingsområda i masterplanen, svara frå kvar kommune kjem fram av tabellen under.

KOMMUNE/SELSKAP	VÅR KOMMUNE ARBEIDA ALLEREIE MED FLEIRE AV SATSINGSMÅL I MASTERPLANEN GJENNOM KOMMUNENS PLANVERK OG/ELLER PROSJEKT, DESSE ER
LUSTER	Buffersone verdsarv, samfunnsdel kommuneplan
SOGNDAL	Infrastruktur
AURLAND	Masterplanen har vorte nytta i samband med utviklinga av samfunnsplanen som no ligg ute på høyring, denne vil òg vera retningsgjevande når ein skal sjå på næringsplanen for kommunen. I tillegg har kommunen eit konsesjonsavgiftsfond, og der vil Masterplanen vera viktig når ein no skal sjå på reglane og spissa dei meir i tråd med samfunnsplanen og masterplanen. Gnist- samarbeid med Sogndal kommune og Luster kommune Destinasjon Grønt Flåm -konseptutredning (gjennom kommunalt eigde Aurland hamnevesen) Besøksforvaltning Prosjekt gjennom Nærøyfjorden Verdsarvpark (Aurland kommune bidreg årleg til stiftinga og har fellesprosjekt). Samfunnsplanen, besøksforvaltning.
LÆRDAL	1A, 1B, 1 C, 3A Lærdal kommune utarbeidar no ein communal næringsplan der det er vedteke av KS at reiseliv skal vektleggast i planen.
HØYANGER NÆRINGSUTVIKLING AS	K1( trappene, trallebana), Kraftturisme, jobber med å få opp reiselivssamarbeidet i kommunen , stor fokus på aktørane som vil satse.
VIK	Cruestrafikken Eit døme er reguleringsplanen for området rundt Hopperstad stavkyrkje som legg til rette for nytt servicesenter og betre trafikkløysingar.
SOGN NATURFORVALTING AS	Dette bør fangast opp m.a. i strategisk næringsplan, men vår næringsplan peikar ikkje på noko som er konkret. Handlingsplanen til næringsplanen inneholder likevel oppfølging av utvikling av næring som og er reiselivsrelatert. Me har ei utprøving av cruise, men det er p.t. ingen planrammer kring denne utprøvinga, og det vil truleg avgjerast ila. hausten om dette skal verte til ei satsing. Vik har eit stort utnytta potensiale knytt til Verdsarv og til våre kulturskattar. Me er i ferd med å utarbeide ein ny klimaplan, denne vil være relevant mtp å følgje opp bærekrafts-krava i masterplanen. Me er og i gong med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Dette er i innspelsfasen, her har me gode moglegheiter til å legge til rette for reiselivsnæring parallelt med ivaretaking av naturverdiar.
ÅRDAL KOMMUNE	Nasjonalparksenter, nasjonal turiststi, miljøkommunen Årdal, teknologikommunen Årdal

## Innspel frå styringsgruppa og kommunane

I tillegg til svara i undersøkinga har styringsgruppa og kommunane høve til å kome med innspel til rapporten. Under føl innspela frå kommunane og styringsgruppa:

Sogndal kommune, Joakim Systaddal, Kommunalsjef Nærings-, samfunn og kultur:

- Sogndal kommune har forsøkt å løfte diskusjonen om eit sterkare regionalt samarbeid om reisemålsforvaltning sidan arbeidet med masterplanen starta i 2020. VS føreslo også eit utvida mandat på samling i Flåm september 2021, der ingen andre kommunar ynskte ei utviding av mandatet til VS. Sogndal kommune og VS vart svært godt samsnakka om intensjon og inngang på dette tidspunktet.
- SK tok sidan eit initiativ til å løfte opp att diskusjonen i regionrådet ovanfor styret og ny leiing i VS i desember 21, men fekk tydeleg tilbakemelding om at det var teke eit retningsval som hadde konkludert med auka fokus på sal og marknad. SK sin inngang i dette møtet var å utforske om nokre av kommunane kunne gjere noko ilag, og saman med VS.
- I nytt møte på nyåret 2022 vart det avtalt at VS skulle jobbe vidare med å sjå på DMMO-modellen i regionalt prosjekt. SK har vore tydeleg på at det må avklarast kven som ynskjer å vere med på eit forpliktande samarbeid på reisesmålsutvikling i dette prosjektet. Me avventar difor konklusjonen her, og håpar at andre kommunar melder seg på.
- SK har sidan hausten 2021 jobba med å sette i system sitt arbeid med reisemålsforvaltning, og har sidan då bygd opp kompetanse på dette i eigen organisasjon - eit arbeid som framleis held fram. Me vil alltid vere opne for og interesserte i samarbeid, men har ikkje tid til å vente på fleire avklaringsprosessar. SK vert difor ikkje med på fleire prosjektrunder knytt til dette no, men inviterer VS og dei andre kommunane til å samarbeide om dei temaa som ligg til kommunane

Aurland kommune, Linn-Janette Underdal, Næringsrådgjevar i Aurland kommune

Utfordringar i kommunen i Aurland kommune er knytt til arbeidet med omstillingssprosessen kommunen står i. Per no er næring i tett samarbeid med Plan, kultur og landbruk. Det vert og arbeida med ein sti- og løypeplan som kultur er ansvarleg for, men som næring deltek i arbeidet på. Slik det er no ligg næring og plan under avdelinga Forut, men dette kan bli endra på i omstillingssprosessen.

Det er kome med konkrete innspel til SWOT-analysen for Aurland, justert SWOT ligg som vedlegg.

Luster kommune, Olav Grov, Næringssjef

- Det er gitt konkrete innspel på SWOT-analysen for Sogn generelt og for Luster spesielt, desse er tekne med i justert SWOT for Sogn og Luster.
- Luster kommune arbeida slik med reiseliv i kommunen:

I dokumentet: «Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune» sist vedteke i Kommunestyret i februar 2022 (dette dokumentet vert rullert årleg) heiter det ma:

### 1.5.3 Reiseliv

*Luster kommune er med og finansierer felles marknadsarbeid, produktutvikling og turistinformasjon i reiselivet. Det skjer gjennom selskapet Visit Sognefjord AS. Luster kommune gjekk inn med kr 77.753 kroner i aksjekapital i selskapet. Luster kommune yter og saman med dei andre kommunane i Sogn årlege bidrag til selskapet.*

*Kommunen er med og yter lån til oppbygging, utviding, utvikling og standardheving av reiselivsverksemder. Kommunen kan og vere med på marknadssatsing hjå einskildverksemder eller*

*grupper av desse, om det er særleg godt gjennomarbeidde opplegg med betydeleg satsing frå verksemda sjølv.*

*Luster kommune kan yte tilskot til utvikling av nye tiltak og vidareutvikling av eksisterande. Tiltak innan sesongutviding er og prioriterte. Marknaden til reiselivet er internasjonal, og har såleis ingen lokal avgrensning. Særleg på aktivitetssida er det viktig å få fram nye produkt og utvikle eksisterande. Eksisterande aktivitetsverksemder innan reiseliv som gjennomfører utviklingsprosjekt (både bedriftsutviklingstiltak og investering i utstyr) vil kunne få kommunalt tilskot til dette, inntil 30% av kostnaden.*

*Det er fleire som leiger ut ledige rom til turistar. I utgangspunktet må ei nyetablering innan overnatting vere av ein viss storleik før Luster kommune yter finansiering frå næringsfondet.*

Alle verksemder som vert miljøsertifiserte får 20.000 kr i tilskot til å dekke deler av kostnaden med sertifiseringsarbeidet, også reiselivsbedrifter.

Luster kommune tek ansvar for å finansiere «fellesgode. Det er pr dato 6 offentlege toalett som turistar kan nytte som LK driv. Det er og gjort avtale med andre verksemder om at deira toalett kan nyttast av turistar (mot økonomisk vederlag). Luster kommune har tilrettelagt parkeringsplassar ved turutgangspunkt. Luster kommune har og vore medverkande økonomisk i opparbeiding av turstiar, her er det samarbeid med nasjonalparkforvaltninga der det er aktuelt.

## **Planarbeid**

For fleire reiselivssatsingar trengst det reguleringsplanar. Døme: Urnes -verdsarvsenter, Tungestølen -parkering, Solvorn, hytteutbygging, utvikling Sogn skisenter.

Luster kommune er og involvert i fleire større prosjekt som har betydning for reiselivet:

- Verdsarvsenter Urnes – pr no arbeid med finansiering
- Ferja Solvorn – Urnes som vert finansiert av biletinntekter og Luster kommune.
- Ormelid – svært gammalt gardsanlegg som er freda og som no vert restaurert
- Nytt toalettanlegg på Turtagrø
- 
- Det er og mange verksemder som satsar på utvikling. Så langt i 2022 har 7 reiselivsverksemder fått finansiering frå næringsfondet (tilskot og lån).
- Det er pr no 19 reiselivsverksemder som har lån i næringsfondet. Det er og 5 verksemder innan foredling/mat og drikke som har finansiering frå fondet, desse er viktige for reiselivet.

## [Årdal kommune, Torunn Todal Laberg, Dagleg leiar i Visit Årdal](#)

- Det er gitt konkrete innspel til SWOT for Årdal kommune, desse kjem fram i vedlagt justert for Årdal kommune.
- Årdal kommune arbeida med heilårsatsing og auka ambisjonar for reiselivet gjennom ei styrking av lokalt destinasjonsselskap, Visit Årdal, som er tett samkøyrd med Visit Sognefjord.
- Det vert særleg peika på viktigeita av Skilting og infrastruktur.
- Det er viktig å forankre arbeidet som Visit Årdal gjer i kommunen og kople VÅ til arbeidet som er knytt til reiselivet.

Vik kommune, Karoline Myklebust, forretningsutviklar Sogn Nærings

For utviklinga av reiselivet i Vik vert arbeidet med cruisesatsinga i 2022 løfta som viktig. Utover arbeidet med Cruisesatsinga er arbeidet med reiselivet i Vik knytt til det lokale aktivitetsselskapet Sylringen, som mellom anna har drifta den lokale turistinformasjonen. Reiselivet i Vik har i stor grad vore prega av sesongbasert aktivitet og få aktørar. Historisk sett har reiselivet hatt liten prioritet i kommunen, men dei seinare åra vert det løfta fram som ein viktig satsing for kommunen. Det er mellom anna lagt inn som eige tiltak i handlingsplanen som Sogn Nærings arbeida etter, på bestilling frå Vik kommune. Sidan hausten 2021 har Karoline Myklebust frå Sogn Nærings, Vik

Næringsamskipnad og Vik kommune arbeida aktivt for å legge til rette for at lokale reiselivsaktørar skal ha moglegheit til å auke aktivitet og sal mot cruiseturistar. Det er prosjektert at tal anløp til Vik kommune vil auke dei kommande åra, med eit mogleg stort hopp i 2025. Det vert derfor jobba aktivt med å utnytte denne moglegheita til å bygge ei reiselivsnæring som har tryggleik i ein lang cruisesesong i botn, men som også har fokus på å selje til andre turistar. Det er ytra ynskje frå dei lokale aktørane som jobbar mot cruise om å få til ei heilårssatsing, med potensiale for samarbeid mot andre destinasjonar som Balestrand, Fjærland og Voss. Vik, som fleire andre kommunar i Sogn, peikar særleg på viktigheita av infrastruktur for å kunne etablere reiselivet som ei heilårsnæring i kommunen.

Lærdal kommune, Ingeborg Lysne, Næringsrådgjevar.

I Lærdal kommune har politisk leiing vedteke at reiseliv saman med landbruk skal vektleggast i næringsplanen. Handlingsplanen til masterplanen vil bli innarbeida i næringsplanen. Arbeidet med næringsplanen er framleis i prosess, Ingeborg Lysne seier det soleis passar godt at det vert gjort avklaring i regionrådet kring vegen vidare for masterplanen, før næringsplanen for Lærdal kommune vert spikra.

Høyanger kommune, Birgitta Hagen Kyrkjebø, Høyanger Næringsutvikling

Høyanger kommune er ikkje lengre ein del av Sogn regionråd, men kommunen nyttar framleis Visit Sognefjord som sitt sals- og marknadsapparat, kommunen vart difor bedt om innspel til rapporten og korleis kommunen vurdera det vidare arbeidet knytt til handlingsplanen til masterplanen. Som dei andre kommunane er Høyanger i gang med strategi- og handlingsplanar, og det er mykje endringar som skjer på Rådhuset. Arbeidet med masterplanen vil bli sett i samanheng med desse prosessane og arbeidet vil forankrast gjennom kommunen sin samfunnssdel og HNU sin strategi og handlingsplan.

Høyanger kommune vil og vurdere medlemskapet i VS, denne saka skal snart opp i kommunestyret.

Visit Sognefjord, Heidi Hauge, Reiselivsdirektør i Visit Sognefjord

Visit Sognefjord har spelt ei viktig rolle i utviklinga av masterplanen. Som felles destinasjonsselskap for alle kommunane i Sogn og som fagekspertar i reiselivsbransjen og deltar i prosjektgruppa, vert desse innspela løfta som særleg viktig, sett frå Visit Sognefjord si side:

- Viktig å halde fram som marknads- og salsapparatet for næringa
- Initiere og følgje opp arbeidet knytt til merke som berekraftig reisemål, dette krev om lag 50% stilling. Dette arbeidet må sjåast på i samanheng med koordinatorarbeidet knytt til handlingsplan til masterplanen
- Kommunane må finansiere stillinga knytt til koordineringsarbeidet knytt til handlingsplanen og arbeidet med dei forskjellige tiltaka.

## Prioriterte satsingsområde

Vidare vart det bedt om innspel til kva for område kommunane meinte burde prioriterast, desse områda stemmer godt overeins med resultata frå forstudie til masterplanen. Dei prioriterte områda er:


1. 1C: infrastruktur
2. 2A: Utvikle næringa
3. 3C: Miljø

## Kartlegging gjennom spørjeundersøking – Næringa


Som ein del av forprosjektet er det gjort ei undersøking i næringa, for å få deira innspel og meinings om arbeidet med Masterplanen og korleis handlingsplanen bør setjast i verk. Undersøkinga vart sendt til alle medlemsbedriftene til Visit Sognefjord. 27 reiselivsbedrifter frå Sogn har svara på undersøkinga. Alle spørsmål og svar ligg som vedlegg 4.

*Næringa saknar betre støtte frå kommunen.* Dei fleste svara at dei arbeida kontinuerleg med utvikling av produkta sine, men over 33% svara at dei er heilt ueinig/litt ueinig i at det er lett å få hjelp og støtte frå kommunen.

Vi opplev at det lett å få hjelp og støtte av kommunen til å arbeide med utvikling i vår bedrift  
27 svar



Vi arbeida kontinuerlig med utvikling av vårt reiselivsprodukt  
27 svar



Nokre skriv dette:

*«Vi trenger bedre klarhet i saksbehandling og saksbehandlingstid i kommune og offentlig. Kommunen er en bremsekloss».*

*«Få på plass smidighet i kommunenes byråkrati»*

#### *Prioritering av handlingsplanen og syn på samarbeid*


Nærunga svara nokså ulikt på kva for område som bør prioriterast. Nokre skriv at alt må sjåast på i samanheng, mens andre trekk fram nokre satsingsområde som særleg viktig. Nokre satsingsområde vert nemnd fleire enn andre, desse er:

- Infrastruktur
- Utvikling av næringa
- marknadsføring
- Berekraftig besøksforvaltning (natur og kultur)

På spørsmålet om næringa ser nyten av samarbeid på tvers av kommunane i Sogn, er svara nokså eintydige på kva bransjen meina.

Vi ynskjer og ser nyten av at regionen (Sogn) arbeida tettare for å utvikle reiselivet i Sogn.

27 svar



Basert på svara frå dei 27 respondentane er det nærliggande å peike på ei trong for ei enklare kommunal teneste, for redusert byråkrati og auka effektivisering, fokus på infrastruktur og skilting, utvikling av bransjen og auka samarbeid på tvers av kommunane.

## 4 scenario – slik kan vi organisere oss

Kvifor scenario?


Masterplan for Sognefjorden har satt ein strategisk retning for arbeidet med reiselivsutviklinga i Sogn. For å operasjonalisere dette arbeidet er det avhengig av at handlingsplanen vert prioritert, både med tanke på finansiering og ressursar, men og sett i samanheng med dei andre pågående kommunale prosessar. For å synleggjere omfanget av masterplanen og kva det krev av kvar kommune og syne konsekvensane av dei prioriteringane kvar kommune gjer, er det satt opp 4 ulike scenario. Desse scenarioa skal gjere det enklare for politikarar og kommuneadministrasjonen i Sogne-kommunane å diskutere korleis reiselivsutviklinga i Sogn vil bli, basert på kva for val ein tek i forhold til organiseringa av det vidare arbeidet knytt til handlingsplanen.

*NB! Vanlegvis vert scenarioutvikling brukt for å sjå langt fram i tid, i denne rapporten vert det likevel nyttet som eit verktøy for å synleggjere tenkte resultat av dei ulike vala kvar kommune kan gjere i forbindelse med operasjonaliseringa av Masterplanen og den generelle utviklinga av reiselivet i Sogn.*

### **Metode, data og drivkrefter**

Dei internasjonale, nasjonale og regionale trendar innan reiselivsnæringa presentert tidlegare i rapporten. Desse trendane i kombinasjon med svara i undersøkinga hjå kommunane og næringa, dannar grunnlaget for dei 4 scenarioa som er skissert under.

Basert på trendane og resultata av undersøkinga veit vi at for å nå måla i Masterplanen er vi avhengig av ei aktiv og sterk destinasjonsleiing, gjennom ei auka satsing på reiselivet. Reiselivet bør i større grad vert ei prioritert næring og kommunane bør større grad enn i dag, samarbeide om å nå måla. Difor er scenarioa utforma med utgangspunkt i to hovudaksar: grad av vilje til samarbeid og grad av prioritering av reiselivsnæringa, som kan forståast som tilgang til ressursar og i kva grad reiselivsutviklinga vert sett på i samanheng med andre kommunale prosessar.



Illustrasjon: 4 framtidsscenario for Sogn som reiseliv

I kvart av scenarioa vert det presentert eit tenkt bilete for korleis utviklinga av Sogn som reiselivsdestinasjon kan sjå ut, avhengig av kva val kommunane tek.

Mindre samarbeid, færre ressursar

*Låg vilje til samarbeid/låg prioritet*

---

*Kommunane arbeida kvar for seg, reiselivet er ikkje ei priorert satsing og vert ikkje sett i samanheng med resten av utviklingsarbeidet i kommunen.*

---

- Visit Sognefjord held fram med marknads- og salsarbeid som si primæroppgåve
- Kvar kommune tek hand om sin infrastruktur
- Det er ingen aktør som aktivt arbeida med management-delen i DMMO.
- Det er lite samarbeid om reiselivsutvikling mellom kommunane
- Reiselivsnæringa er i stor grad sesongbasert
- Reiselivsverksemduene er framleis prega av å vere små og familiedrivne
- Reiselivet vert ikkje sett på som ein del av det overordna arbeidet med samfunns- og næringsutvikling
- Reiselivet har utfordringar med å skaffe nok og rett kompetanse
- Sognefjorden mistar marknad til andre regionale og nasjonale destinasjonar.
- Det vert ikkje arbeida med berekraftig besøksforvaltning
- Det vert ikkje arbeida med bruk av teknologi og digitalisering

Status quo

*Høg vilje til samarbeid / Låg prioritet*

---

*Kommunane har høg vilje til å samarbeide, men det vert ikkje satt av ekstra ressursar til å arbeide med operasjonaliseringa av handlingsplanen.*

---

- Visit Sognefjord held fram som sals- og marknadsapparatet til Sognekommunane, med marknadsbidrag frå kvar kommune og medlemsavgift frå næringa
- Det er noko samarbeid mellom kommunane, basert på lokale initiativ og behov
- Kvar kommune nyttar i nokon grad sine kommunale næringsapparat til handtering av management-delen i DMMO
- Reiselivsverksemder opplev skilnad i støtte og bistand, avhengig av kva kommune dei høyre til
- Reiselivet vert i nokon grad sett på som ein del av det overordna arbeidet med samfunns- og næringsutvikling.
- Sognefjorden har ein sterk posisjon som nasjonal og internasjonal destinasjon
- I nokre kommunar vert det arbeida med berekraftig besøksforvaltning, men det vert ikkje sett på i eit heilskapleg perspektiv i Sogn.
- I nokre kommunar vert det arbeida med ny teknologi og digitalisering
- I nokre kommunar ser ein ei utvikling av bransjen, i form av auka inntening, profesjonalisering og fleire tilbod.

## Fragmentert reiselivsutvikling i Sogn *Låg vilje til samarbeid / Høg prioritet*

---

*Kommunane satsar på reiselivsutvikling og styrka tilgangen til finansiering og ressursar, men det er låg vilje til samarbeid og utviklinga skjer internt i kvar kommune, ikkje som eit samla Sogn.*

---

- Kommunane har styrka ressurstilgangen til reiselivsutviklinga, men gjer det på ulike måtar, gjennom ulike organisasjonar og aktørar. Bruk av eigne utviklingsorganisasjonar.
- Nokre kommunar har styrka eigne apparat og organisasjonar, mens andre kommunar har auka bidraget til Visit Sognefjord. Eksempelvis slik:
  - o Årdal styrka Årdal utvikling og Visit Årdal
  - o Sogndal styrka Sogn Næring
  - o Lærdal kommune samarbeida med andre næringsapparat
  - o Aurland kommune samarbeida i større grad med miljøa i Myrdalen og på Voss.
- Det er lite samarbeid mellom kommunane
- Reiselivet opplev vekst og profesjonalisering grunna lokalt fokus, tilgang på ressursar og kompetanse.
- Handlingsplanen er ivaretaken av kvar enkelt kommune.
- Det vert berre samarbeida om det som må samarbeidast om.
- Sogn som framstår ikkje som ein samla destinasjon og det er utfordrande for besøkande å planlegge reisa mellom kommunegrensene.
- Sognefjorden mistar posisjon og marknad

## Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn **«Sognefjorden står fram som eit av dei fremste reisemåla i verda og det beste av norsk fjordlandskap»**

*Høg vilje til samarbeid / Høg prioritet*

---

*Kommunane samarbeida om å utvikle Sognefjorden som eit av dei fremste reisemåla i verda. Det er oppretta ei destinasjonsleiing i kvar kommune som vert koordinert gjennom ein felles koordinator i Visit Sognefjord.*

---

Prosjektplan for hovudprosjekt er utvikla i tråd med dette scenarioet. Her er det lagt opp til at kommunane vert samde om å utvikle Visit Sogenfjord som selskap. Det vert gjort ei endring av forretningsmodellen til Visit Sogenfjord som tek hand om alle oppgåvene knytt til eit DMMO. Visit Sogenfjord er vald, som fagmiljøet og det selskapet som er felles for alle kommunane i Sogn. Kommunane einast om ei felles satsing på Visit Sognefjord som DMMO.

- Kommunane finansierar ei stilling, som vert ein del av Visit Sognefjord, som arbeida med gjennomføringa av handlingsplan til masterplan

- Handlingsplanen vert sett på som eit felles verktøy for arbeid med DMMO i regionen. Alle tiltaka vert koordinert og handtert av ny ressurs i VS.
- Det vert etablert ei destinasjonsleiing i kvar kommune som skal sørge for at masterplanen og utvikling av reiselivet vert sett på i samanheng med andre kommunale prosessar og planar. Forslag til organisering kjem fram i prosjektplan for hovudprosjekt.
- Auka profesjonalisering av reiselivsverksemder
- Utviding av sesong og gradvis fleire heilårsopne verksemder
- Sogn og Sognefjorden som sterk merkevare
- Auka bruk av ny teknologi og digitalisering

### **Eksemplar frå andre destinasjonar:**

#### **Nordfjord:**

Nordfjordrådet gjekk saman om og finansierte eit prosjekt for å styrke reiselivsbedriftene. PwC vart hyra inn som leiar av prosjektet. Resultatet var auka profesjonalisering, auka inntening og fleire utviklingsprosjekt i Nordfjord. Prosjektet vart satt i gang for å hjelpe næringa under covid-19 pandemien, men fungera som eit godt eksempel på korleis ein kan arbeide enkelttiltak i handlingsplanen.

#### **Bodø og Salten:**

Bodø kommune har tatt initiativ til en ekstraordinær satsing på bærekraftig reisemålsutvikling i Bodø fra og med høsten 2022. Dette skal skje gjennom et partnerskap mellom destinasjonsselskapet Visit Bodø og Bodø kommune. Prosjektet skal gå over tre år, med oppstart 01.09.2022.

Det er inngått et samarbeid om destinasjonssamarbeid i Salten gjennom en overliggende rammeavtale, 2018 – 2020 (2022), mellom Visit Bodø og kommunene i Salten, som sammen med inngåtte avtaler med den enkelte Saltenkommune definerer leveransen. Følgende tre hovedkategorier tjenester er inkludert i grunnpakken til kommunene:

1. Destinasjonsmarkedsføring
2. Nettverk
3. Kompetanse

Dette prosjektet kommer i tillegg til inngått avtale om kjøp av tjenester gjennom kommuneavtalen.

I tillegg til føringer knyttet opp mot bærekraftig reisemålsutvikling i Bodø sin reviderte masterplan, så vil det også ligge betydelige forpliktelser om bærekraft i utviklingen framover når det høsten 2022 avgjøres om Bodø har kvalifisert seg for Merket for Bærekraftig reisemål, en ordning som forvaltes av Innovasjon Norge.

Dette prosjektet skal kobles tett opp mot oppfølging av revidert masterplan for Bodø og remering av Bodø som bærekraftig reisemål.

Satsingen vil organiseres som et utviklingsprosjekt over tre år (2023 – 2025). Formålet er at det skal bidra til økt lokal verdiskaping, sysselsetting og bolyst i Bodø gjennom bærekraftig utvikling,

innovasjon og innsikt spesielt knyttet til kulturbasert reiseliv og arrangementsbyen Bodø samt flere arbeidsplasser, økt kompetanse, samarbeid og internasjonalisering.

#### Süd Tirol:

Der er reiselivsselskapet IDM (Innovation Development Marketing) har samla «alle» funksjonane i eit samarbeidsorgan (næringselskap, næringshage kunnskapspark, Innovasjon Norge og Visit Sognefjord) for å auke konkurransekraften og innovasjonsevna i regionen. IDM har eit årleg budsjett på NOK 420 mill. og 220 tilsette. Overført til Sogn vert dette NOK 60 mill. i utviklingsressursar per år ut frå tal tilreisande, og NOK 30 mill. per år ut frå tal innbyggjarar

#### Forslag til konklusjon

Ei felles, styrka regional satsing på reiseliv krev auka grad av koordinering, samhandling og ressursbruk. Dette kan løysast ved etablering av eit hovudprosjekt som skal eigen-finansierast innan tre år, eller ved endring av oppdragsavtalane med Visit Sognefjord med omtale av tenesteleveransane knytt til management-rolla og tilhøyrande auking av bidraga frå kommunane. Vedlagt ligg forslag til prosjektplan for hovudprosjekt, planen er laga ut i frå modellen dei har brukt i Bodø. Eksempel frå Bodø og andre destinasjonar kjem fram i kapittelet under.

Hovudprosjektet er føreslege avgrensa til tre år frå 01.01.2023 – 31.12.2025 som oppstartsperiode for «frå ord til handling»-fasen i masterplanen (fase 3 Handlingsprogram), med intensjon om sjølvfinansiert vidareføring i regi av Visit Sognefjord i samarbeid med kommunane, næringsselskapa og næringa etter år tre.

Prosjektet krev ressursar til ei 100% prosjektstilling i perioden (prosjektleiar, PL), i tillegg til deltaking og eigeninnsats og investeringar i konkrete tiltak i oppfølginga av masterplanen frå kommunane, næringa, næringsselskapa og Visit Sognefjord. Hovudprosjektet omfattar kostnader knytt til implementering og oppfølging av tiltaksområda i masterplanen og kriteria i merkinga som berekraftig reisemål, inklusiv aktørkontakt og avtaleutvikling, konkretisering og prioritering av regionale og lokale tiltak og aktuelle prosjektetableringar. Kostnader knytt til gjennomføring av sjølve tiltaka og prosjekta er ikkje inkludert i budsjettet for hovud-prosjektet, og må utviklast som ein del av hovudprosjektet.

For meir detaljar kring hovudprosjektet sjå vedlagt prosjektplan.